

Washingtons mann i Brussel

Vi reknar Stoltenberg som vår mann, og amerikanarane reknar han som sin. Dei har mest rett.



MORTEN A. STRØKSNES

Kommentar

Kvar gong Natos generalsekretær Jens Stoltenberg kjem til Noreg, senkar ei spesiell stemning seg over landet. Situasjonen minner meg litt om klassiske skildringar i gamle bøker og filmar av då onkel kom heim frå Amerika til jul. Rundt han samlar familien seg, med færete smil og stjerner i auga. Dei veit at amerikakofferten alltid er full av godsaker.

Stoltenbergs koffert er som regel full av stadig meir slagkraftige våpensystem. Alt skal vidare til Ukraina. No hadde han med seg klasebomber frå USA. At 120 land, inkludert to tredjedelar av Nato, har underteikna ein konvensjon som bannlyser denne typen våpen, var no så si sak. Ukraina treng ammunisjon, han skal berre brukast mot russarar, for å verne fridom og demokrati, sa Stoltenberg. Han såg ut til å vere nesten sikker på at ingen kunne vere uenige i dette med klasevåpen, berre han la trykk på dei rette orda.

AT DET HAR OPPSTÅTT ein slik aura rundt Stoltenberg, er forståeleg. Det er krig i Europa, starta av eit aggressivt og despotisk Russland, og mange er stolte over at Stoltenberg er blitt ein så prominent figur. Samstundes kan den overdrive servile haldninga journalistar og andre har til Nato-leiaren, dekke over problematiske sider ved både Natos og Stoltenbergs rolle i alliansen.

Vi har sett slikt skje tidlegare, i nokre av dei andre krigane Noreg har involvert seg i, som oftast med katastrofalt resultat, som i Afghanistan og Irak. Eller i Libya, som blei bomba i 2011, med Stoltenberg som statsminister.

Mandatet frå FN var å verne sivile, men Nato heva innsatsen

undervegs og gjekk for regimeendring. Norske fly deltok i bombinga av Gaddafis hovudkvarter. Slik blei Libya ein anarkistisk og fragmentert fristat for mellom anna jihadistar, altså eit trugsmål mot vår tryggleik.

TORS DAG FØRRE VEKE var Stoltenberg i Arendal. På pressekonferansen sa han mellom anna dette: «Det er ikke slik at stormakter har rett til interessesfærer og kan bestemme hva små naboland kan gjøre.» Stoltenberg peikte på at dette er ein livsfarleg tanke, eit ekstremt viktig prinsipp, ikkje minst for eit lite land som Noreg, sa Stoltenberg – til spontan applaus frå salen.

Deretter gjekk Stoltenberg ut i gatene i byen og klemde folk. «Jens Stoltenberg hyllet i Arendal. Superstjerne», var Dagbladets ikkje utypiske overskrift om denne dagen.

LAT MEG FOR ORDENS SKULD seie at eg er einig med Stoltenberg. Interessesfærar burde ikkje ha eksistert, til liks med kreft. Russland har ingenting å gjere i Ukraina. Ferdig snakka. Men at leiaren for Nato seier dette, er såpass kontrafaktisk at det ropar etter analyse – kanskje til og med psykoanalyse, med tanke på fortreningsmekanismene som må vere i sving.

II

Tilbake til Stoltenberg og Arendal kulturhus. Elefantene i rommet var: I over to hundre år har USA operert med stadig større interessesfærar der dei har bestemt kva som er akseptabelt av politikk, og kven som har rett til å vere der, alt med tanke på sine eigne økonomiske og strategiske målsettingar.

Det begynte med Monroe-doktrinen. Då snakkar vi ikkje om Marilyn Monroe, men om president James Monroe (1758–1831).

I år er det nøyaktig to hundre år sidan han erklærte at Sør-Amerika frå no av skulle vere USAs interessesfære. Europeiske kolonimakter fekk kontant beskjed om å halde fingrane av fatet.

USA ville ikkje lenger godta at dei dreiv med regimeendringar, invasjonar og kolonisering på det amerikanske kontinentet. For som så mykje anna i ettertid var det idealisme blanda inn i den amerikanske retorikken, og Monroe-doktrinen hadde eit antikolonialistisk ideal i botnen. USA sa dei ville hjelpe sårbar sør-amerikanske statar mot europeisk dominans. Men resultatet blei at mange av dei måtte leve med USAs dominans i staden.

Sidan den gong har Honduras, Guatemala, Cuba, Nicaragua, Hawaii, Puerto Rico, Den dominikanske republikken, Mexico, Haiti, Grenada, Panama, El Salvador, Brasil og Chile blitt utsette for amerikanske invasjonar, intervensjonar, kupp og regimeendringar. Alt for å verne det som blei oppfatta som amerikanske politiske og økonomiske interesser, ofte

Er Europas interesser identiske med interessene til det amerikanske imperiet?

ved at handplukka USA-vennlege diktatorar blei utnemnde til nye leiingar.

UNDER ANDRE VERDSKRIG var det, takk og pris, amerikanske soldatar over heile verda. Men då krigen var over, reiste dei ikkje heim. Dei blei verande og bygde permanente basar, som stort sett står den dag i dag, frå kanadisk Arktis til Australia.

Omfanget av USAs globale ambisjonar har rett nok variert med presidentane, men USA

har i etterkrigstida involvert seg i nesten tallause kupp, krigar, regimeendringar og intervensjonar over heile verda. For å ikkje snakke om alle manipulasjonane av demokratiske val – inkludert i Russland i 1996 og i Ukraina i 2014.

AT USA OPERERER MED interessesfærar, og har gjort det i to hundre år, kan vanskeleg kallast anna enn ei kjensgjerning. Ein stor forskjell mellom Russland og USA i dag, med tanke på interessesfærar, er at Russland identifiserer sine snevrare enn USA, som har gjort mesteparten av verda til ein amerikansk interessesfære.


III

Forsvarsalliansen Nato hadde opphavleg tolv medlemsland. No er talet 31, etter at Finland blei med. I denne militæralliansen står USA bak den overveldande brorparten av den militære slagkrafta. I fjor nytta USA større ressursar på militæret (nesten 900

milliardar dollar) enn alle andre land i verda til saman.

USA er altså den overlegent mektigaste aktøren i Nato, vi skal vere glade vi er på same parti. I teorien skal Nato vere ein allianse av likeverdige partnarar, men ingen trur Albania, Noreg eller andre små europeiske land har mykje å stille opp mot USA. Nato er heilt avgjerande for forsvaret vårt.

USA treng ikkje Nato militært sett, og dei vernar ikkje Europa for å vere snille. Frå eit amerikansk



Natos generalsekretær Jens Stoltenberg ønsker president

perspektiv er Nato eit verktøy for å fremme USAs globale hegemoni.

ATLANTERHAVSPAKTA starta som ein motsats til Sovjetunionen, som var eit reelt trugsmål for Vest-Europa. Då Sovjetunionen braut saman, kunne ein sjå for seg at meininga av dei vestlege delane av Nato. Warszawapakta blei oppløyst, russarane forventar at Nato skulle gjere det same.

I dei aller første åra etter 1990 var det uklart kva som skulle vere Natos misjon.

Europeiske leiingar som president Mitterand og Hans-Dietrich Genscher freista å skape ein ny tryggleiksarkitektur i Europa, utanfor Nato-paraplyen. USA ville ikkje ha noko av dette, dei hadde andre planar, nærare bestemt at Nato skulle ekspandere austover. Innlemminga av dei vestlege delane av det tidlegare Sovjetunionen starta. Nato fekk elleve nye medlemmer berre i perioden 2009–2014.

Frå første stund, altså frå Mikhail Gorbatsjov, har russiske leiingar åtvare mot denne utviklinga. Russland har heile tida sagt kor den absolutte, raude lina går: Ukraina kunne ikkje gå inn i Nato. Det ville Russland sjå som eit så



Joe Biden velkommen på Nato-toppmøtet i Vilnius i juli i år. Foto: Andrew Caballero-Reynolds / AP / NTB

stor trugsmål at det kunne samantliknast med ei krigserklæring.

På Nato-toppmøtet i Bucuresti i 2008 erklærte den amerikanske delegasjonen det strategisk målet om å innlemme Ukraina og Georgia i alliansen. Prosessen blei lagd på is då den Russland-vennlege Viktor Janukovitsj blei president i Ukraina i 2010. Fire år seinare starta Majdan-revolusjonen (som Russland kallar eit kupp). Janukovitsj flykta til Russland, og amerikanarane var på pletten. Dei oppretta militære samarbeidsprogram med Ukraina og gjorde det i 2021 klart overfor omverda at Ukraina var på veg inn i Nato.

DET VAR SLETT IKKJE berre rus-sarar som åtvare på det sterkaste mot den raske og omfattande Nato-ekspansjonen, spesielt med tanke på Ukraina. Historikaren M.E. Sarottes har skrivne ein svært interessant monografi om temaet (*Not One Inch: America, Russia and the Making of the Post-Cold War Stalemate*, Yale 2021). I boka er det side opp og side ned med åtvaringar frå framstående europeiske og amerikanske politikarar, diplomatar og analytikarar.

Forbundskanslar Angela

Merkel og den franske presidenten Nicolas Sarkozy såg kor farleg ekspansjonspolitikken kunne bli, spesielt med tanke på Ukraina. Det same gjorde William J. Burns, USAs ambassadør til Moskva, George Kennan, ein sentral arkitekt bak USAs kaldkrigsstrategi, og Brent Scowcroft, nasjonal tryggingrådgivar under den første president Bush.

Trass i alle åtvaringane frå eigne rekker meinte dei som vann fram, at det var verdt risikoen. Logikken frå den kalde krigen, der stormaktene freista å oppnå kompromiss rundt sine «inter-

som mange trudde var bygd opp for å stå imot Sovjetunionen, sette USA i gang med å fylle det militære vakuemet og bygge nye basar over heile verda.

FOR Å OPPSUMMERE: USA ignorerte det Russland opplevde som sine heilt vitale tryggleik-sinteresser. Dette høyrer opplagt med om ein skal prøve å forstå kva som skjedde. Ein kan leggje til at Putin, som aldri aksepterte nederlaget i den kalde krigen, kunne gjort noko liknande sjølv om Nato ikkje planla å innlemme Ukraina. Det får vi aldri vite.

Det er ikkje like lett å sjå korleis Stoltenbergs nye, globale Nato tener Noreg og Europa.

sesfærar», gjaldt ikkje meir. Russland var svakt, og den amerikanske vinnarmentaliteten begynte å vise seg. I staden for å trappe ned den globale militære aktiviteten,

Krigen kan ikkje rettferdigjearast. Men i den verda vi faktisk lever i, finst det ein klar logikk bak han. Det var ikkje – slik som Stoltenberg gir inntrykk av – ei

uvent, irrasjonell handling frå Russland si side. Som han sa i Arendal, var Nato heilt sikre på at krigen kom. Det var alle vi andre som ikkje trudde han var mogleg.

DET ER HELLER IKKJE SLIK AT Nato og USA ikkje har gjort liknande ting. Også «vi» har starta krigar utan at dei har vore forankra i FN eller folkeretten. USA invaderte Panama i 1989, bomba Serbia på vegner av Nato i 1999, invaderte Irak i 2003 (ein «ulovleg krig», ifølgje FN's Kofi Annan) og bomba i samarbeid med Noreg og andre Nato-land Libya i 2011. Derfor kan Russland peike på at kritikken mot dei berre er tom dobbeltmoral, kvar gong dei får sjansen.

Alle dei store amerikanske krigane sidan 1990, inkludert Afghanistan, har ført til «sivilisasjonssamanbrot», enorme sivile tap og lidingar, og har ikkje gjort noko for å betre tryggleiken til Europa eller USA – i den grad krigen i det heile tatt har vore motiverte av noko trugsmål mot USA eller Europa i utgangspunktet.

INGENTING AV DETTE gav Russland rett til å invadere Ukraina, og

den russiske retorikken er endå falskare enn den amerikanske. Men Stoltenberg lever i ei verd der Russland ikkje *burde* ha nokon interesssfære. Men i røynda har dei, til liks med USA, i høgste grad slik interesssfærar.

Berre som eit tankeeksperiment: Kva trur du USA ville gjort om Kina oppretta ein flåtebase i Veracruz eller flybasar i Monterrey i Mexico? For å hindre dette ville USA nesten garantert brukt alle tenkelege middel, inkludert krig, om nødvendig. Slik dei gjorde under Cuba-krisa i 1962, for å hindre at Sovjetunionen utplasserte mellomdistanseraketar på øya, som svar på at USA rett før hadde gjort det same i Storbritannia, Italia og Tyrkia.

Av slike årsaker er det dobbeltmoralisk av Stoltenberg å hevde at interesssfærar ikkje eksisterer for Russland, all den tid arbeidsgivarane hans i Washington ser sine eigne interesssfærar som sjølvsgade.

IV

At Stoltenberg er så populær i Washington, inneber éin ting: Han gjer som

amerikanarane vil. Han fremmar USAs strategiske interesser. Han har heilt frå starten pressa på for å få dei europeiske Nato-statane til å bruke mykje meir pengar på våpen, inkludert amerikanske våpen.

Han frontar Natos engasjement på den amerikanske måten, med eit manikeisk verdsbilete mellom det absolutt gode og absolutt vonde. Han avviser kategorisk alle kompromiss som kan få slutt på krigen, slik at krigen som ikkje kan vinnast, også er blitt krigen som ikkje kan slutte. Iallfall ikkje før Putin-regimet er borte og Russland får ein president som aksepterer at Ukraina skal inn i Nato, og dessutan er villig til å gi tilbake Donbas og Krym. Sjansen for at det skjer, er mikroskopisk.

Er Europas interesser identiske med interessene til det amerikanske imperiet? Få vil svare kategorisk ja på spørsmålet. I Ukraina ser ein nokre klare interessekonflikter. I ein viss realpolitisk og geopolitisk forstand tener USA på krigen i Ukraina. Krigen svekker og bind opp Russland. Krigen har òg spikra fast kor avhengig Europa er av USA militært sett. Nye medlemmer står og hamrar på døra og vil inn.

I Europa har krigen stilna all debatt rundt eit USA-leidd Nato. Der det tidlegare nærast var sjølvstøtt at den europeiske venstresida var kritisk til Nato, risikerer ein i dag å bli ekskludert frå partiet Raudt for å vere det.

Frå eit kynisk perspektiv kan altså USA ha noko å tene på krigen i Ukraina (som ikkje er det same som at dei ønskte denne krigen). For Europa, derimot, er krigen på alle måtar berre eit tap, med enorme økonomiske, politiske og menneskelege kostnader, og i botnen ligg eit apokalyptisk trugsmål om at det kan eskalere til atomkrig.

V

I denne situasjonen kunne ein kanskje tru at Nato tok seg ein pust i bakken. Det er ikkje tilfellet. For no driv Nato og rotar seg inn i Asia og Oseania. Hugs at USA ser Kina, ikkje Russland, som den store geopolitiske konkurrenten, som nasjonen som framfor nokon annan skal heldast i sjakk.

På Nato-toppmøtet i Madrid i fjor var Japan, Sør-Korea, New Zealand og Australia til stades, og i januar i år drog Stoltenberg til Japan og Sør-Korea for å knyte nærare band mellom desse landa og Nato. USA har alt eit tungt militært nærvær i regionen og ser det i si interesse å involvere Nato. Det er ikkje like lett å sjå korleis Stoltenbergs nye, globale Nato tener Noreg og Europa. Den nordatlantiske pakta seier i utgangspunktet ingenting om Stillehavet, eller Svartehavet, for den saks skuld.

Australias tidlegare statsminister Paul Keating kalla i sommar Stoltenberg for ein «kronidiot» (*a supreme fool*) fordi han ville gjere Nato til ein aktør i Asia. «Stoltenbergs oppførsel viser at han handlar meir på vegner av amerikanske interesser

enn som ein leiar og talsperson for europeiske interesser», uttalte Keating, ifølgje The Guardian 9. juli i år. Og Emmanuel Macron er svært kritisk til Stoltenbergs og USAs asiatiske Nato-planar. Han vil ikkje at Frankrikes og Europas relasjon til Kina skal militariserast.

Washingtons tillit til Jens Stoltenberg synest nesten grenselaus. Om USA og Europa ikkje har dei same interessene, inneber det at Europa bør vere meir skeptisk til nordmannen.

VI

Eg vil heller at verda skal bli dominert av USA, enn at Russland eller Kina skal dominere. Samstundes bør vi vere skeptiske til USAs sjølvbilde, til dei forkvaka og ofte religiøse ideane deira om retten til å styre over andre, til «eksepsjonalismen» deira og den sjølvpålagde rolla dei tar i verdshistoria. For denne retorikken – med Jens Stoltenberg som silkemjuk fortalar – tener meir enn noko USAs egne interesser.

Landets krav om global dominans, om å bestemme spelereglane innan handel og politikk, opprører folk over heile verda – i Latin-Amerika, Asia, Midtausten og Afrika. Verda utanfor Nato tolkar krigen inn i denne ramma og nektar å gjere slik USA vil med tanke på sanksjonar og andre typar utfrysing. Dei ser på Russland og Kina slik vi ser på Saudi-Arabia, altså som usympatiske realitetar i verda, og at verda er full av gråsoner. Dei aksepterer ikkje automatisk hegemoniet til Vesten leidd av USA.

Eg seier ikkje at dette er godt nytt, berre at det er nytt. Under den kalde krigen var det berre to sider å velje mellom. I dag spelar alle på fleire hestar samstundes.

BAKGRUNNEN for Ukraina-krigen er meir kompleks enn mange tar høgd for. Sjølv krigen er ikkje så ulik dei USA har starta dei siste tiåra: det vil seie brutal, ulovleg og til sjuande og sist meningslaus. Og Stoltenberg? Det kan sjå ut som han heng igjen i eit verdsbilete frå 1990, då mange trudde at vestlege verdiar og kultur var skjebnebestemt til å erobre verda, fordi dei er overlegne alle andre sine. Det har dei fleste imperium alltid trudd, og også denne gong viste det seg å vere feil.

Verda av i dag liknar mykje meir på den Samuel P. Huntington skildra i den utskjelte *The Clash of Civilizations and the Remaking of World Order* (1996), enn på den Francis Fukuyama skildra i *The End of History and the Last Man* (1992).

USA har til liks med Russland imperialisme i blodet, begge nasjonane er bygg frå då deira eige landområde blei erobra, til stor kostnad for dei som blei koloniserte. Stoltenbergs indignasjon overfor russisk imperialisme, og blindskap for den amerikanske imperialismen, gjer han til den perfekte Nato-leiaren, sett frå Washington.

Morten A. Strøksnes er journalist i Dag og Tid.



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no

Kunsten å skru

Denne helga, laurdag 26. august, er det VM i døds. Her – 24 år, trønder og NTNU-student – eit visst press på se

EKSTREMSPORT

MARITA LIABØ
marita@dagogtid.no

Veka før Asbjørg Nesje kastar seg ut frå timetaren i VM i Frognerbadet i Oslo, ligg ho på 8. plass på verdsrankinga. Ikkje berre er ho regjerande verdsmeister i kvinneklassa; tidlegare i sommar vann ho Døds World Tour Utah – over Jon Nyberg, som blei kåra til USA-meister i same meisterskapet, og norske Emil Lybekk, som tronar på rankinglistene.

VM er altså kjønnsdelt, mens andre dødseisterskap ikkje er det. I fjor deltok berre tre kvinner. I år blir dei truleg åtte.

– Det er kjekkare å delta i blanda klasse, men vi er få kvinner i dødsporten, så hadde ikkje VM vore delt, hadde det blitt vanskeleg å få inn fleire, fortel Nesje, på veg heim frå Frankrike, der ho har hatt ferie og sikkert gjort sånt som dødsar liker, som å hoppe frå bruer og klipper.

No gjeld det å henge i å førebu seg.

– Eg må hoppe frå timertårn og få inn landinga. Klippehopp er gøy, men det gir ikkje god konkurransetrening, sidan ein har varierende *takeoff* og høgde. Eg har idear til nye triks, og så må eg trene på dei eg har inne. Det gjeld å ha sin eigen stil, å legge sin eigen touch på det.

Vi bør ikkje røpe kva triks ho har tenkt å gjere, i ei avis som kjem ut dagen før VM, men berre så det er sagt, tar Nesje såkalla 1440-ar – fire rotasjonar rundt sin eigen akse – og 720 med *grab*. Ho står bak den høgaste 720-en i verda, uavhengig av kjønn, frå ei 24,8 meter høg nedlagd oljeplattform, Albuskjell, der NRK-programmet Norges tøffeste blir spelt inn.

I tillegg var ho den første kvinna som dødsar frå 20 meter, i eit smalt juv ved Trongfossen i Klæbu. I år var ho den første av alle som dødsar frå 20 meter i kuldegrader, også det i Trongfossen.

70–80 KM/T

VM har naturlegvis deltakarar frå heile verda, men dødsporten har lenge vore dominert av nordmenn. Det ligg både i namnet – også i utlandet seier dei *døds*, og forbundet heiter International Døds Federation – og i tradisjonen: Det skal ha vore Raga Rockers-gitarist Bruno Hovden som heiv seg ut i det første kjende dødset for 50 år sidan, i nettopp Frognerbadet.

Det ein gjer, er altså å kaste seg ut, strekke seg ut og helst

gjere eit triks, før ein krøker seg saman like før ein treffer vassflata, slik at ein landar med både fingrar og tær først. Det er tøft å ikkje krøke seg *heilt* saman, men å lande på magen eller ansiktet, med armane ut eller liknande er farleg. Dødsar ein frå 20 meters høg, kjem ein opp i ein fart på 70 km/t.

Tore Vaage, som hoppa 31,5 meter i 2021, braut armen, sjølv om nedslaget skal ha vore perfekt. Legen skal ha kalla det idioti, det han gjorde.

– Har det nokon gong gått gale for din del?

– Eg har ikkje skada meg, seier Nesje.

– Ein blir jo blå, særleg på låra, og hoven i fjeset og slikt, og eg har mista pusten, men har verken punktert lunger, sprekt trommehinner eller knekt noko.

– Men når du står der oppe, hamrar vel hjartet, slik det gjer hos folk flest?

– I konkurransar fryktar eg ikkje sjølv hoppet. Eg kjenner heller på presset. Jo større *hype*, jo større prestasjonsangst. Samtidig nøler eg ikkje. Skal eg gjere noko nytt og skummelt aleine, må eg pushe meg sjølv hardare. Jo fleire vi er som hoppar, jo betre.

VONDT UANSETT

Miljøet er generelt godt, fortel ho. Folk har ikkje spisse olbogar; dei støttar kvarandre, enten dei er unge eller eldre, ferske eller profesjonelle.

– Og så er det vel tryggare å hoppe frå eit stupetårn, med publikum og eit støtteapparat rundt seg, enn frå ei isete klippe uti skogen, aleine, slik du gjer?

– Akkurat det har lite å seie. Eg hoppar berre når eg veit at det er djupt nok og trygt på alle

sponsorar, først og fremst Synnøve Finden. Det har vore få pengepremiar så langt, men sporten veks, særleg i USA, og blir meir og meir kommersiell, å la ski- og snøbrettidrett, kampsport og formel 1, med internasjonale *events* og TV-sendingar.

Og sjølvstøtt spelar sosiale medium ei stor rolle. Ein av TikTok-videoane til Nesje, der ho dødsar frå 24,8 meter, har så langt blitt sett 88,3 millionar gongar.

– I fjor laga eg ein adventskalendar, fortel ho.

YouTube-videoane med 24 døds, eitt kvar dag, der ho begynte på 1 meter og avslutta med stuntet frå 24,8 meter, ligg ute i såkalla *compilations*. Og viss du ser henne dødse på TikTok, legg du truleg merke til ein annan video, sett 1,1 millionar gongar, der ho gjer høgtflygande triks på snowboard og «trynar heile tida», som ho sjølv seier.

– Kva er det som har gjort deg så tøff?

– Eg har ein bror som er to år yngre, og vi har alltid hatt dei same interessene, som turn og snowboard, og utfordra kvarandre. Ikkje at vi har konkurrert; vi har gjort kvarandre betre. Det som førte til at eg begynte med dødsing, var at han kom heim ein dag, sommaren 2020, og fortalte at han hadde dødsar frå ei åtte meter høg klippe. Då var det jo ingen grunn til at ikkje eg skulle få det til.

Nokre dagar seinare gjekk dei opp til ti meter.

MATTE OG FYSIKK

Der broren ikkje satsa vidare, vann Asbjørg Nesje altså VM i kvinneklassa berre eitt år etter det første dødset. Fordi ho aldri feigar ut, som ho seier.



– Det var ingen grunn til at eg ikkje skulle få det til.

Asbjørg Nesje, regjerande verdsmeister i døds

måtar, og eg har alltid med meg folk som kjenner meg og kan hjelpe meg. I meisterskap er det uansett dødsarane som ser det først, alt i landinga, om nokon treng hjelp. Og vondt gjer det uansett.

FRÅ 1 TIL 24 METER

Asbjørg Nesje har ikkje noko trenarapparat, men ho har

– Berre hovudet kan stoppe meg. Det er dritskummelt, men når eg først står på toppen, blir det for dumt å snu. Eg kan ikkje vente til eg vågar. Det tidspunktet kjem aldri. Eg må berre gjere det. For meg er det mykje verre å trekke seg enn å hoppe.

At Nesje var turnar i oppveksten, hjelper garantert. Ho har blant anna ein sølvmedalje i